

Møteprotokoll

Utval: Hovudutval
Møtestad: Biblioteket Skakke
Dato: 11.02.2026
Tid: Kl. 13:00 - 17:00

Følgande medlemmer møtte	Parti
Hilde Hellenes	AP
Roger Tendal	FRP
Trude Enge	FRP
Arild Stenberg	H
Andreas Aune	SP
Liv Kaldheim	SP
Ole Funderud	Uavh

Møteleiar: Arild Stenberg

Merknadar til innkallinga: Ingen

Merknader til sakslista: Ingen

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Andreas Aune (Sp) og Trude Enge (Frp)

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Samlesak for orienteringar
002/26	Samlesak for referatsaker
003/26	Busetjing av flyktningar 2026
004/26	Rullering av retningslinjer for skuleskyss
005/26	Detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde - Ny høyring
006/26	Gnr. 029 bnr. 004 - Deling av landbrukseigedom etter jordlova
007/26	Gnr. 075 bnr. 043 og 069 - Søknad om konsesjon for landbrukseigedom
008/26	Høyring av nedklassifisering av veg i Årvik

001/26 Samlesak for orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert tatt til vitande.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 001/26 Vedtak

Samrøystes

Orienteringa vert tatt til vitande.

002/26 Samlesak for referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert godkjende slik dei ligg føre.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 002/26 Vedtak

Samrøystes

Referatsakene er godkjende slik dei ligg føre.

003/26 Busetjing av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 15 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til busetjing, slik at kommunen har naudsynste ressursar og kapasitet til å ta imot 15 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

09.02.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 003/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Eldreråd tek saka til vitande.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 003/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Rådet oppmodar kommunestyret om å nøkternt vurdere talet på flyktningar ein vel å busetje for året 2026.

Ein ber og kommunestyret å vere medvetne om at tenestetilbodet til brukarane som rådet representerer ikkje vert vesentleg skadelidande.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

Endringsforslag - Busetting av flyktningar Etne kommune, foreslått av Trude Enge, Framstegspartiet
Punkt 1 og punkt 2 vert endra til:

1. *Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.*
2. *Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til busetjing, slik at kommunen har naudsynste ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026*

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst (Ap).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringsforslag frå Trude Enge (Frp) fekk 6 røyster (H, Frp (2), Sp (2), Ole Funderud (Uavh))

HOV - 003/26 Vedtak

Tilråding frå Hovudutvalet

6 mot 1 røyst

1. Etne kommunestyre vedtek å busetja 5 flyktningar for året 2026 i tråd med IMDi sitt brev 31.10.2025.
2. Etne kommunestyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å disponera integreringstilskot og andre statlege tilskot knytt til til busetjing, slik at kommunen har naudsynnte ressursar og kapasitet til å ta imot 5 flyktningar i 2026
3. Busetjing av flyktningar skal så langt det er praktisk mogleg vera utanfor utanfor Etne sentrum, med omsyn til bustadtilgong og individuelle behov.

004/26 Rullering av retningslinjer for skuleskyss

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtek rullering av retningslinjer for skuleskyss slik dei ligg føre med dei endringane som er spela inn. Nye retningslinjer er gjeldande frå 1. august 2026.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 09.02.2026 - 006/26

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek retten til skyss frå SFO til dei med særskilde behov kunne vore formulert tydlegare.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 006/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek retten til skyss frå SFO til dei med særskilde behov kunne vore formulert tydlegare.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

Endringsforslag - Endring av retningslinjer for skuleskyss, foreslått av Andreas Aune, Senterpartiet

Endring av formulering om alternativ veg. «Elevar som innanfor skyssgrense kan nytta alternativ veg over Kambe , skal nytta den».

Pkt 6.1 i Skyss sitt regelverk skal presiserast i retningslinjene for skuleskyss i Etne Kommune.

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke fekk 0 røyster.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringsforslag frå Andreas Aune (Sp) samrøystes vedteke.

HOV - 004/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet vedtek rullering av retningslinjer for skuleskyss slik dei ligg føre med dei endringane som er spela inn. Nye retningslinjer er gjeldande frå 1. august 2026.

Endring:

Endring av formulering om alternativ veg. «Elevar som innanfor skyssgrense kan nytta alternativ veg over Kambe ,skal nytta den».

Pkt 6.1 i Skyss sitt regelverk skal presiserast i retningslinjene for skuleskyss i Etne Kommune.

005/26 Detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde - Ny høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §12-10 vert framlegg til endring av detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde, planid 202301 i Etne kommune sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i minst 6 veker.

Admnsitrasjonen får fullmakt til å kvalitetsikre dokumenta og gjere mindre, ikkje-prinsippielle endringar ved behov.

09.02.2026 Eldreråd

Behandling

ER - 004/26 Vedtak

Uttale frå Eldreråd

Samrøystes

Eldrerådet peikar på at universell utforming og tilgjengeleg for alle er viktig i prosjektet.

09.02.2026 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Behandling

RF - 004/26 Vedtak

Uttale frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Samrøystes

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne peikar på at universell utforming og tilgjengelegheit for alle er viktig i prosjektet.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 005/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i plan og bygningslova §12-10 vert framlegg til endring av detaljregulering for Etnesjøen torg- og kaiområde, planid 202301 i Etne kommune sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Adminsitrasjonen får fullmakt til å kvalitetsikre dokumenta og gjere mindre, ikkje-prinsippielle endringar ved behov.

006/26 Gnr. 029 bnr. 004 - Deling av landbrukseigedom etter jordlova

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Martin Fitje får med heimel i § 12 i jordlova løyve til å dele i frå gnr. 29 bnr. 4 som tilleggsjord til Ove Opheim, som eig naboeigedomen gnr. 29 bnr. 2, slik som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er vist i vurdering i saksframlegget under.

Det er klagerett på vedtaket. Klage skal sendast til Etne kommune innan 3 veker frå søkjar fekk vedtaket i hende.

Krav om sakshandsamingsgebyr på 2000 kroner blir ettersendt.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 006/26 Vedtak

Samrøystes

Martin Fitje får med heimel i § 12 i jordlova løyve til å dele i frå gnr. 29 bnr. 4 som tilleggsjord til Ove Opheim, som eig naboeigedomen gnr. 29 bnr. 2, slik som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er vist i vurdering i saksframlegget under.

Det er klagerett på vedtaket. Klage skal sendast til Etne kommune innan 3 veker frå søkjar fekk vedtaket i hende.

Krav om sakshandsamingsgebyr på 2000 kroner blir ettersendt.

007/26 Gnr. 075 bnr. 043 og 069 - Søknad om konsesjon for landbrukseigedom

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir Etne kommune konsesjon til Siren Grindheim og Ansgar Grindheim for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 75 bnr. 43 og 69 i Etne kommune med vilkår om at han blir dreve forsvarleg som landbrukseigedom.

Kjøpesummen er 400 000 kroner.

Grunngjeving for vedtaket er vist i vurderinga i saksframlegget under.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhald til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 5000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøklar.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

Hilde Hellenes (Ap) bad om å få vurdert habiliteten sin.

Røysting habilitet

Samrøystes habil.

HOV - 007/26 Vedtak

Samrøystes

Med heimel i konsesjonslova 28.11.2003 gir Etne kommune konsesjon til Siren Grindheim og Ansgar Grindheim for overtaking av landbrukseigedomen gnr. 75 bnr. 43 og 69 i Etne kommune med vilkår om at han blir dreve forsvarleg som landbrukseigedom.

Kjøpesummen er 400 000 kroner.

Grunngjeving for vedtaket er vist i vurderinga i saksframlegget under.

Vedtaket med vilkår kan klagast på i henhald til konsesjonslova. Klagen skal sendast til Etne kommune innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent for partane i saka. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland.

Faktura på 5000 kroner i sakshandsamingsgebyr blir ettersendt til konsesjonssøkjjar.

008/26 Høyring av nedklassifisering av veg i Årvik

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Hovudutvalet vedtek i tråd med veglova §7 å leggja forslag om nedklassifisering av den kommunale vegen Årvikkaien ut på høyring i minimum 6 veker.

11.02.2026 Hovudutval

Behandling

HOV - 008/26 Vedtak

Samrøystes

Hovudutvalet vedtek i tråd med veglova §7 å leggja forslag om nedklassifisering av den kommunale vegen Årvikkaien ut på høyring i minimum 6 veker.

